



Alver kommune Miljø og tilsyn  
miljø og tilsyn  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar: Hogne Askeland  
Vår: 22/3156 - 22/35544

Saksbehandlar:  
Laila Bjørge  
laila.bjorge@alver.kommune.no

Dato:  
06.05.2022

## **Uttale frå landbruk til søknad om dispensasjon frå arealføremålet LNF for oppføring av ny einebustad - gbnr 430/46 Vågenes indre**

Saka gjeld søknad om dispensasjon for oppføring av einebustad på eigedomen gbnr 430/46 Vågenes indre

Tomten er allereie frådelt noko som betyr at jordlova sine reglar om omdisponering og deling ikkje gjeldt. Dette vart teke stilling til den gongen tomten vart frådelt og det er difor ikkje naudsynt med jordlovsbehandling.

Landbruksavdelinga kan uttala seg om konsekvensane bygginga kan ha for landbruket i området. Etter vårt syn er det uheldig at tomten er plassert inntil eit beiteområde, og mot aust overflatedyrka areal. Det kan vera pårekeleg med konflikter knytt til støv, støy og lukt i samband med drift av jordbruksarealet rundt tomten.

Det bør visast varsemd med å leggja til rette for bygging så tett på dyrka mark.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge  
Avdelingsleiar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**  
Alver kommune Miljø og tilsyn

Postboks 4

5906 FREKHAUG